

## Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell til barn og unge

Tid: tysdag 15.1.2019, kl. 09.00 – 10.30 (skype)

Til stade: Kristian Eiken Olsen, Jan Rob, Inge Olav Fjalestad og Jørn Haug (referent)

Forfall: Svein Hjort Olsen

### Sak 1. Opplegg på skulene i 2019

Grappa kom eit stykke på veg i vidare planlegging. Sjå oversyn i tabell nedanfor

Skule	Kontaktperson	Opplegg	Tal elevar	Tidspunkt	Forslag stad	Ansvar
Kvinlog skule	Jan Kristian Kvinlaug	Alt. 1		Onsdagar 12.40 – 41.10	På skulen	Jørn
Kvinesdal ungdomsskule	Tina Dyrstad Fossdal	Alt. 3	9. klasse	Juni. Siste skuleveka i juni (veke 25) mest aktuelt pga. snø	Sigurdshellar i Sirdal. Alt. Knaben eller Nesjen i Kvinesdal	Jan og Kristian
Bykle b/u - skule	Rønnaug Torvik	Alt. 3	8 – 10 kl. 30 elevar	Rett etter skulestart/første halvdel av sept.	Bjåen hjå Sondov. Bjåen hjå Ragnhild Bjåen. DNT hytter på austheia. Bratteli	Jørn og Svein
Bygland skule	Åslogaug Haugå	Alt. 2	9. klasse. 19 elevar	Mai. NB! Vegen Brokke – Suleskard er stengd til 20. mai.	KVS-hytter på austheia. Fossebu v/Rosskrepp. Øyulvsbu th.	Inge Olav og Jan
Åseral b/u - skule	Øystein Aas	Alt. 2	8 – 9 kl. 28 elevar til saman	18. eller 19. juni.	Ljosland, dagsturhytte. Evt. Pytten	Jørn og Kristian

Alternativ 1 – klasserom, 2 x 45 min.

Alternativ 2 – ein dag i felt 09.00 – 15.00 + transporttid

Alternativ 3 – to dagar i felt, ei overnatting

NB! Torsdag 20. juni er truleg siste undervisningsdag for skulene i Vest-Agder. Pass på at det ikkje vert dobbelbooking av ressursar for opplegget Åseral og Kvinesdal skule

#### Vidare arbeid:

- Om ein skal nytte statskoghytter eller DNT hytter er det viktig med ei rask avklaring av dato, slik at desse vert stengd for anna booking i aktuelle tidsrom.
- Jørn sendar i første omgang ut ei attendemelding til den enkelte skule. Her må det kort informerast om status i planlegginga og at dei må supplerar med opplysningar vi treng (tal elevar, lærarressursar mv). Vidare informere om at ansvarlege for gjennomføringa (ref. tabell ovanfor) etterkvart tar direkte kontakt. Det må også takast med at det er ønskjeleg med oppmøte i klassane for å informere om opplegget samt dele ut bok (*Bli kjent med heiane* av Ragnhild Bjåen)
- Utstyrliste – Jørn lagar utkast. To variantar dvs. med og utan overnatting.
- Vesentleg med godt matstell under feltdagane. Det vert kjøpt inn felles proviant. Tillaging i grupper på enkelt kokeutstyr eller i fellesskap på bålpanne/takke. Dei ansvarlege vel det som er mest praktisk, mellom anna i høve til storleiken på gruppa.
- Kan neppe forvente at samtlige elevar har komplett utstyr for overnatting i telt. Friluftsrådet for Lindesnesregionen (FLIR) har truleg noko til utlån. Jørn sjekker.
- Kartmappar og kompass for utdeling er kjøpt inn tidlegare (20 ex). Jørn supplerar etter behov inkl. kart for aktuelle område.
- Tema i undervisninga: malen er slik det vart sendt ut til skulene i haust. Tilpasning ut frå lokalitet og ressurspersonar som er med.
- Busstransport – vert tinga når dato og tal elevar er klart.

Etter behov må ansvarleg for arrangementet hente inn eksterne ressursar for gjennomføring. Førebels oversyn vart utarbeida, personane er ikkje spurt. Det vil vera eit poeng å nytte dei som har ei viss tilknytning/kjennskap til plassen ein skal:

- Guro Sjødergren
- Alf Odden
- Knut Erik Paulsen
- Kristian Kvaalen Herregården (Bykle)
- Tommy Vadslid (Bykle)
- Sondov Bjåen
- Fjellreinskulen v/Ragnhild Bjåen
- Odd Kvinen
- Kurs Jerstad
- Johan Edvard Sund i (NJFF i Bygland)
- Jon Uleberg i Sirdal
- Rolf Nilsen i Sirdal
- Olav Schrøder (NJFF)
- Tina Dyrstad Fossdal (Kvinesdal)
- Harald Solås og Randi Byremo i Friluftsrådet for Lindesnesregionen (Åseral og Setesdal)

#### **Sak 2. Web-basert undervisningsopplegg for grunnskulen, utarbeiding av lærebok (feltbok)**

Tvilsamt om det er kapasitet og kompetanse i gruppa til å stå for utarbeiding av web-basert undervisningsopplegg sjølv. Samstundes er det viktig å komme vidare med dette sidan ein nå har midlar, og der undervisningsopplegget vil spele ei viktig rolle etter prosjektperioden. Jørn jobbar vidare med Fjellreinskulen som mogleg leverandør. Arbeidsgruppa vil fungera som ei referansegruppa i eit slikt arbeid.

#### **Sak 3. Opplegg på leirskulene (Gullingen og Knaben)**

Arbeidsgruppa bidreg med ein person som kan ha ein undervisningsdag for lærarar på kvar leirskule i løpet av våren. Fokus på korleis ein kan nytte villreinen i praktisk undervisning. Jørn etterspør skisse frå Ane Guro Moen i høve til opplegget som var planlagt på Gullingen.

Kristian vart førespurt om å ha eit opplegg på Knaben leirskule. Avklaring i neste møte.

Jørn spør Alf Odden om å ha eit opplegg på Gullingen leirskule. Alternativt Reidar Sandal eller Kristian Steine.

**Sak 4. Opplæringsjakt 2019**

Planlegging er i rute

**Sak 5. Dato for neste møte**

Tysdag 12. februar 09.00 – 10.30 (skype)

**Sak 6. Eventuelt.**

Inga